



Vågå kommune  
v/ Laila Nersveen

Field Productions AS  
v/ Filip Christensen

SAKSBEHANDLAR: KARI SVEEN

ARKIVKODE: 2016/4642 -

DATO: 08.07.2016

**JOTUNHEIMEN NASJONALPARK - DISPENSASJON - 2016 - BRUK AV HELIKOPTER FOR FILMOPTAK FOR MARKNADSFØRING - FIELD PRODUCTIONS AS PÅ OPPDRAG FRÅ INNOVASJON NORGE, NASJONALPARKRIKET REISELIV OG VISIT VALDRES**

Viser til søknad om dispensasjon, oversendt ved e-post av 01.07.16 frå Vågå kommune. Arbeidsutvalet til Nasjonalparkstyret har behandla saka ved e-postbehandling 1. juli, og har gjort slik vedtak:

**Vedtak:**

Arbeidsutvalet til Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen gjev etter den generelle dispensasjonsregelen i § 4 i verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark, jf. § 48 i naturmangfaldlova, Field Procuptions AS dispensasjon for lågtflyging i samband med filmoppdrag for Innovasjon Norge, Nasjonalparkriket Reiseliv og Visit Valdres. Løyvet er gjevne med følgjande vilkår:

- Løyve til lågtflyging med helikopter gjeld for *ein* dag i tida mellom 22. august og 8. september 2016.
- Flyginga skal ikkje skje i på helgedagar, og det er positivt at søkjaren også er bevisst på at helikopter ikkje skal visast på det ferdige produktet.
- Område for lågtflyging er avgrensa til gule soner på vedlagt forvaltningsplankart.
- Det skal ikkje flygast under lågtflygingsgrensa på 300 meter over dei grønne sonene på forvaltningsplankartet.
- Ved lågtflyging skal det takast generelt omsyn til andre brukarar og naturmiljøet
- I området Storådalen-Gjendebu-Veslådalen skal det takst særleg omsyn dersom flyginga skjer før dyra der er samla for heimflytting frå beiteområdet.
- Statens naturoppsyn v/Rigmor Solem skal ha melding om tidspunkt seinast dagen før gjennomføring (mob. 959 65 158 – e-post [rigmor.solem@miljodir.no](mailto:rigmor.solem@miljodir.no)).

Løyvet gjeld i høve til verneforskrift. Start og landing skjer utanom verneområdet, der kommunen må behandle søknaden som myndigheit etter motorferdsellova. Vidare gjeld motorferdsellova § 10, som føreset samtykke frå grunneigar.

Viser elles til vedlagt utskrift av møtebok, sak AU-13/2016, med fullstendig saksframlegg.

Vedtaket kan påklagast etter reglane i forvaltningslova.

Eventuell klage skal stilast til Miljødirektoratet, men sendast via nasjonalparkstyret innan 3 veker etter at brevet er motteke.

Med helsing

Kari Sveen  
Nasjonalparkforvaltar

Kopi til:

Vågå kommune	Edvard Storms veg 2	2680	Vågå
Vågå fjellstyre	Postboks 16	2684	VÅGÅ
Lom kommune	Midtgard	2686	LOM
Lom fjellstyre	Postboks 94	2686	LOM
Vang kommune	Tyinvegen 5161	2975	Vang I Valdres
Nasjonalparkriket	v/ Unni Strand		
Statens Naturoppsyn	v/ Rigmor Solem		
Fylkesmannen i Oppland	Postboks 987	2604	LILLEHAMMER
Miljødirektoratet	Postboks 5672 Sluppen	7485	TRONDHEIM

Arkivsaksnr: 2016/4642-2

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 07.07.2016

Utval	Utvalssak	Møtedato
Arbeidsutvalg for Jotunheimen og Utladalen nasjonalparkstyre	13/2016	07.07.2016

## Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2016 - Bruk av helikopter for filmoptak for marknadsføring - Field Procuptions AS på oppdrag frå Innovasjon Norge, Nasjonalparkriket Reiseliv og Visit Valdres

### Forvaltar si innstilling

Arbeidsutvalet til Nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen gjev etter den generelle dispensasjonsregelen i § 4 i verneforskrifta for Jotunheimen nasjonalpark, jf. § 48 i naturmangfaldlova, Field Procuptions AS dispensasjon for lågtflyging i samband med filmoppdrag for Innovasjon Norge, Nasjonalparkriket Reiseliv og Visit Valdres. Løyvet er gjeve med følgjande vilkår:

- Løyve til lågtflyging med helikopter gjeld for *ein* dag i tida mellom 22. august og 8. september 2016.
- Flyginga skal ikkje skje i på helgedagar, og det er positivt at søkjaren også er bevisst på at helikopter ikkje skal visast på det ferdige produktet.
- Område for lågtflyging er avgrensa til gule soner på vedlagt forvaltningsplankart.
- Det skal ikkje flygast under lågtflygingsgrensa på 300 meter over dei grøne sonene på forvaltningsplankartet.
- Ved lågtflyging skal det takast generelt omsyn til andre brukarar og naturmiljøet
- I området Storådalen-Gjendebu-Veslådalen skal det takst særleg omsyn dersom flyginga skjer før dyra der er samla for heimflytting frå beiteområdet.
- Statens naturoppsyn v/Rigmor Solem skal ha melding om tidspunkt seinast dagen før gjennomføring (mob. 959 65 158 – e-post [rigmor.solem@miljodir.no](mailto:rigmor.solem@miljodir.no)).

Løyvet gjeld i høve til verneforskrift. Start og landing skjer utanom verneområdet, der kommunen må behandle søknaden som myndigheit etter motorferdsellova. Vidare gjeld motorferdsellova § 10, som føreset samtykke frå grunneigar.

## Saksprotokoll i Arbeidsutvalg for Jotunheimen og Utladalen nasjonalparkstyre - 08.07.2016

Behandling ved e-postmøte 7. juli.

### Vedtak

Samrøystes som innstillinga.

### Saksopplysningar

#### Dokument i saka

- Søknad frå Field Productions AS v/Filip Christensen, vidaresendt ved e-post av 01.07.16 frå Vågå kommune.

#### Søknaden blir vurdert etter

- Verneforskrift for Jotunheimen nasjonalpark av 14. november 2014
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009 (forkorta nml)
- Utkast til forvaltningsplan for Jotunheimen og Utladalen frå 2008

#### Om søknaden

Field Productions AS har i samarbeid med Innovasjon Norge, Nasjonalparkriket og Visit Valdres søkt Vågå kommune om dispensasjon frå Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag. Det blir vidare søkt om lågtflygning, under 1000 fot, innan Jotunheimen nasjonalpark.

I søknaden er det gjort slik greie for planlagt opplegg:

*«Tidsrom: For en dags flygning, i tidsrommet 22. aug. – 8 sept. 2016 (med unntak av helligdager). Nøyaktig tidsperiode for prosjektet er per søknadstidspunkt umulig å spesifisere, da det foreligger åpenbare logistiske og eksterne faktorer (værforhold, tilgjengelighet osv) som må på plass før man er i stand til å tidfeste avvikling av prosjektet.*

*Søker vil informere nærmere om mer nøyaktig tidsperiode så fort dette er fastsatt.*

*Formål: Svært begrenset flygning under 1000 fot, for film- og fotoopptak med internasjonal eksponering av regionens natur. Maksimalt antall flytimer: Inntil 3 timer.*

*Område: Høyalpine og utilgjengelige fjellområder i kommunen, med selvsagt unntak for landing i vernede områder. Med spesielt fokus på Besseggen og tilstøtende fjellområder.*

*Aktuelt landingspunkt: Gjendesheim (dette må avtales med grunneier).*

*Øvrige vilkår: Søker har et selvpålagt ansvar for at ikke dyreliv eller annet blir forstyrret på noen som helst måte under arbeidet. Vår intensjon er å ta alle hensyn til dyreliv, og annen ferdsel i fjellet.*

*Bruk av helikopter vil ikke bli fremstilt på verken film eller stillbilder, men benyttes kun som et nødvendig verktøy bak kulissene for å oppfylle ambisjonene for dette prosjektet.*

*Vi er innforstått med at det omsøkte tidsrommet er tett forestående, men vi understreker at arbeidet vil foregå i INNTIL 1 dag innen denne tidsperioden, og at vi er prisgitt optimale vær og føreforhold samt mange logistiske utfordringer for å kunne starte opptak.*

*Vi håper på en positiv behandling av vår søknad, og ber om et snarlig tilsvar fra dere.»*

Sidan søknaden er fremma på vegne av Nasjonalparkriket Reiseliv og Visit Valdres, legg ein til grunn at den gjeld områda i nasjonalparken som ligg innan kommunane Vågå, Vang og Lom.

Nasjonalparkstyret har i sak 27/2015 gjeve eit liknande løyve for Visit Sognefjord, og ein finn det derfor tilstrekkeleg å leggje denne saka fram for Arbeidsutvalet til Nasjonalparkstyret.

## **Vurdering**

### Verneforskrift

§ 3, pkt. 6.1 setter forbod mot lågtflyging under 300 m over bakken.

Det er ikkje spesifisert unntaksregel for denne typen tiltak, og ein søknad om dispensasjon krev da behandling etter den generelle dispensasjonsheimelen i § 4, dvs. vurdering etter naturmangfaldlova § 48.

### Naturmangfaldlova

§ 48 opnar for dispensasjon for tiltak som «*ikke strider mot verneformålet og ikke påvirker verneverdiene nevneverdig.*» Begge vilkåra må vera oppfylt.

Det følgjer ikkje av dette at dispensasjon *skal* gjevast om vilkåra er oppfylt. Dispensasjonsregelen i § 48 kan ikkje brukast for å utvide rammene gjevne i vernevedtaket, men er ein sikkerheitsventil som skal fange opp uføresette eller spesielle tilfelle som ikkje vart vurdert på vernetidspunktet.

### Verneformål

Formålet med vern av nasjonalparken er «*å ta vare på eit stort, samanhengjande og villmarksprega naturområde i overgangen mellom austlandsk og vestlandsk fjellnatur som inneheld særprega og representative økosystem og landskap utan tyngre naturinngrep.*

---

*Vidare er formålet med vernet å ta vare på:*

- *Eit høgfjellsøkosystem med eit eigenarta og variert naturmangfald, medrekna artar, bestandar, naturtypar og geologi*
- -----

*Ålmenta skal ha høve til uforstyrra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.»*

### Forvaltningsplan og overordna føringar elles

Forvaltningsplanutkastet frå 2008 blir brukt som rettleiande dokument, inntil revidert plan ligg føre. I utkastet er motorferdsel i samband med media omtala: «*Løyve til transportoppdrag for mediaformål må vurderast konkret. I utgangspunktet vil berre tiltak som kan knytast saman med innhaldet i formålet med*

*vernet, som til dømes opplysningsfilmer med opplæring/undervisning som formål, bli gjeve. Reklamefilming skal leggjast utanom verneområda. Det same bør gjelde for spelefilmer o.l.».*

I 2012 vart det lagt fram ein nasjonal reiselivsstrategi som blant anna seier: «*Gjennom særlig tilretteleggelse for bruk av naturen som innsatsfaktor i reiselivsproduktene kan vi sikre at ferdselen og opplevelsene i naturen ikke går på bekostning av miljøhensyn. Regjeringen vil legge bedre til rette for utvikling av reiselivsprodukter i tilknytning til store verneområder...*»

## Vurdering

Fjellvandring er eit viktig satsingsområde for reiselivet i Nord-Gudbrandsdalen og Valdres, og Innovasjon Norge støttar tiltaket. Det vil alltid vera behov for film- og fotomateriale til bruk i profil- og marknadsarbeidet knytt til ulike reiselivsdestinasjonar.

Dette filmoppdraget vil gje biletmateriell som reiselivsnæringa kan nytte til marknadsføring. Det er ein stor fordel at to destinasjonsselskap her går saman med Innovasjon Norge og organiserer eit felles overordna prosjekt. Då unngår ein at mange enkeltbedrifter utfører fleire små oppdrag. Tiltaket skil seg klart frå filming av private turar, som det for tida kjem ein del søknader på. Sjølv om også dette er ei form for reklamefilming, må ein ta omsyn til at det er tydeleg knytt til det lokale reiselivet og utvikling av dette. Det kan ikkje samanliknast med reklamefilming for ulike produkt som ikkje har direkte tilknytning til nasjonalparken, og som derfor bør leggjast utanom verneområda. Marknadsføring av destinasjonen kan ikkje leggjast andre stadar, og nasjonale føringar opnar for auka verdiskaping knytt til nasjonalparkane, så lenge det ikkje skjer på ein måte som går ut over verneverdiane.

For å kunne gje løyve etter den generelle dispensasjonsregelen, må krava sett i naturmangfaldlova § 48 vera oppfylt; dvs at tiltaket ikkje kan vera i strid med verneformål eller verneverdiar. Formålet med opprettinga av Jotunheimen nasjonalpark er å ta vare på eit stort, samanhengande og i stor grad villmarksprega naturområde, med det artsmangfaldet som pregar området. Vidare skal ålmenta «*...ha høve til uforstyrtra naturoppleving gjennom utøving av naturvenleg friluftsliv...*».

Forbod mot motorferdsel og lågtflyging skal bidra til å ta vare på verneverdiane, men i særlege tilfelle kan ein opne for unntak. Påverknaden av helikopter er avgrensa i rom og tid og har ikkje permanent innverknad på naturverdiane i området. Motorferdsel kan påverke sårbar fauna, og støy kan oppfatast som sjenerande i høve til eit ønskje om å oppleve stillheit og ro på tur i fjellet, jf. formålsparagrafen. Fuglar og dyr er mindre sårbare på seinsommaren enn under hekke- og yngleperioden på våren, men ein må også vurdere korleis marknadsføring av eit sårbart område kan verke inn dersom ein promoterer dei mindre robuste områda i nasjonalparken. Auka ferdsel som følgje av den planlagde marknadsføringa vil også koma til andre årstider, slik at ein ikkje berre kan vurdere områda ut frå når sjølvne filminga skal skje, men også ut frå kva område ein kan opne for auka bruk utan at det går ut over verneverdiane. Det er i både i forvaltningsplanen frå 1999 og utkastet frå 2008 etablert eit system med sonedeling, der ein styrer bruken mot dei mest robuste områda, og har eigne teigar som ein ønskjer å skjerme mot tilrettelegging som opnar for auka ferdsel.

Lågtflyging for å marknadsføre Besseggen med næraste fjellområda er ikkje i strid med verneformålet eller verneverdiane, slik at den generelle dispensasjonsregelen kan brukast. Besseggen ligg i eit område vist som såkalla brukssone; «**Teig 6: Gjende aust-/Besseggen-/Besshø-området: Besshø-området er eit variert naturområde med fjelltoppar som er lett tilgjengelege heile året. Fjelltoppane er attraktive turmål både sommar og vinter.**» Innan dette området er det særleg stor ferdsel og det blir brukt forvaltningsmidlar for å førebyggje og reparere slitasje. Ein relativt stor del av områda i Aust-Jotunheimen er vist med gult på vedlagt kart med sonedeling. Det er lite problematisk i høve til vernet at desse områda blir filma/fotografert frå helikopter og framheva gjennom marknadsføring. Dei grønne teigane på forvaltningsplankartet er skilde ut som vernesoner som liten grad skal ha tilrettelegging, og lågtflyginga bør derfor konsentrerast til dei gule områda der ein opnar for noko tilrettelegging for friluftsliv og naturbasert reiseliv.

Kunnskapsgrunnlaget er bra (nml § 8), og sonedelinga er gjort ut ifrå ein strategi som tek sikte på ei differensiert forvaltning med ulik grad av tilrettelegging. Robuste område har merka stigar og løyper, medan sårbare område er skjerma mot tilrettelegging.

Føre-var-prinsippet og omsynet til økosystem og samla belastning (nml §§ 9-10) tilseier at ein følgjer sonedelinga i forvaltningsplanen og unngår spesiell marknadsføring av dei grønne vernesonene. Bruk av helikopter ein dag er ein effektiv måte til å skaffe ønskje filmopptak, og det er bra at søkjaren er bevisst på at helikopteret berre er eit reiskap for å skaffe ønskt fotomateriale, og ikkje skal visast på ferdig produkt (§12 i nml). For å unngå unødig forstyrring av folk som nyttar området, er det positivt at ein unngår flyging på helgedagar, da det er størst utfart (nml § 12). Flyginga kan falle saman med tidspunkt for samling av beitedyr, og det er viktig å halde tilstrekkeleg avstand for å unngå at dyra blir skremde eller uroa unødig. § 11 i naturmangfaldslova er ikkje vurdert som relevant i denne saka.